

KOMMUNEDELPLAN BYGGERÅSTOFF OG MASSEHANDTERING



Høyringsframlegg februar 2025, jfr kommunestyresak 11/25



**HJELMELAND
KOMMUNE**

Innholdsfortegnelse

KOMMUNEDELPLAN BYGGERÅSTOFF OG MASSEHANDTERING.....	1
1 Innleiing.....	3
2 Mål og bakgrunn for planarbeidet	4
2.1 FN sine berekraftsmål	4
2.2 Føringar i kommuneplanen sin samfunnsdel	4
2.3 Føringar i planprogrammet for byggeråstoffplanen	5
3 Gjennomføring av planarbeidet/medverknad.....	6
4 Mineralressursar i Hjelmeland.....	7
4.1 Generelt	7
4.2 Sand og grus	8
4.3 Pukk	9
4.4 Naturstein	10
4.5 Mindre uttak – «til husbruk»	11
5 Massehandtering	12
5.1 Definisjon.....	12
5.2 Prosess og lovverk	12
6 Vurdering av ressursgrunnlag, innspel og merknader + vurdering KU	14
6.1 Ressursgrunnlag	14
6.2 Innspel og merknadar	14
6.3 Nærare om gjennomført konsekvensutgreiing	14
7 Tiltak – vidare handtering i kommuneplan og reguleringsplan, saksbehandling.....	16
7.1 Generelt	16
7.2 Byggeråstoff.....	17
7.2.1 Pukk.....	17
7.2.2 Sand/Grus.....	20
7.2.3 Naturstein.....	24
7.3 Strategi massehandtering.....	25
Liste over vedlegg	26

1 Innleiing

I Hjelmeland er det teke ut natursand og grus til byggeføremål i over 100 år. Dette er viktige ressursar, men kan også representera store naturinngrep. I vår kommune har desse ressursane, som stammar frå nedsmeltinga etter siste istid, vore særleg framtrédande i Årdal, Jøsenfjorden og Vormedalen. Geologien i kommunen legg også til rette for uttak av naturstein; dette særleg på Randøy.

I våre dagar er teknologien komen så langt at “maskinsand” - dvs stein og fjell knust til sand og grus - langt på veg kan erstatta natursanden. Dette får innverknad på dei vurderingane som vert gjort for å vega naturinngrep opp mot lønsemd og næringsdrift.

Ved vedtak av sist kommuneplan arealdel 2019_2031 vart det vedteke at ein før neste revisjon skulle utarbeida ein eigen plan for handteringa av sand og grusressursane. Planprogram vart vedteke 2.11.23.

I samband med vedtak av planprogrammet i november 2023, vart det teke med at planen også skulle omtala muleg uttak av pukkressursar. Og at plandokumentet skulle seia noko om handtering av masser. Massedeponi er ei aukande utfordring både for entrepenørar og kommune. På dette punktet kom me ikkje så langt som me kunne ynskje. Dette skuldast fleire forhold, inkludert manglande engasjement frå næringa sjølve.

2 Mål og bakgrunn for planarbeidet

2.1 FN sine bærekraftsmål



FN sine bærekraftsmål skal vera utgangspunktet for all planlegging. I denne sammenhengen er måla 8,11, 15 og 17 dei mest vesentlege.

Geologiske ressursar er ikkje fornybare. Slik sett kan dei faktisk bli meir verdifulle med åra!

2.2 Føringer i kommuneplanen sin samfunnsdel

Utkast til Kommuneplanen 2025-2037 har som hovudsatsingsområde Jobb og attraktivitet. Å leggja til rette for vekst i folketallet gjennom satsing på arbeidsplassar og attraktive lokalsamfunn.

På bakgrunn av satsingsområdet er det formulert seks hovudmål:

1) Trekantsamarbeid

Me skal vidareutvikla «trekantsamarbeidet» offentlig, privat og frivillig sektor. Dette for å skapa ein basis for felles lokalsamfunnsutvikling med vekst i folketallet

2) Næringsutvikling

Me vil ha næringsutvikling med basis i eksisterande næringar, og der reiseliv vert særskilt vektlagt.

3) Attraktive lokalsamfunn

Me legg innsatstrappa til grunn for kommunen si satsing. Det betyr at me vil bidra til å skapa gode nabolag, attraktive bygder med fokus på inkludering og mangfald, samt aktivt sentrumsområde. Folk skal kunne bu heime og klare seg sjølv lengst mogleg, m.a. gjennom

framtidssretta og fleksible ordningar for passasjertransport. Gode møteplassar ute og inne er og nødvendig for å skape attraktive og inkluderande lokalsamfunn.

4) Klima

Me skal leggja til rette for kutt i klimautslepp i tråd med Parisavtalen, og gjera samfunnet vårt meir robust mot klimaendringar.

5) Samferdsel og infrastruktur

Me skal arbeida for ein rimeleg, effektiv og fleksibel persontransport på land og sjø, og for gode og trygge vegar i og ut av kommunen. Me skal ha eit linjenett som syter for nok straum og kommunikasjonsnett til samferdselstiltak, næringsområde og anna.

6) Arealstrategi

Me skal ta vare på naturmangfaldet og produksjonsgrunnlaget. Arealbruken må også ta omsyn til og tilpassast endringar i klima. Me skal gå gjennom gjeldande reguleringsplanar og prioritera mogleg oppheving/endring i forhold til strategien under. Nye innspel til kommuneplanen sin arealdel skal vurderast på same vis

Nærare om arealstrategien

I kommuneplan 2025-2037 er det sett av eit eige kapitel (5) som omhandlar berekraftig arealstrategi. Desse er førande for kva utbyggingsområde som blir med inn i revidert kommuneplan arealdel, og vil slik sett fullt ut gjelda for utval av område som er henta frå denne byggeråstoffplanen, jfr kap 7.

- Gjennom konsekvensutgreiing levert av utbyggar/tiltakshavar skal områda i kommunedelplan byggeråstoff vurderast for vidareføring til kommuneplanen sin arealdel.

Det betyr at område frå kapitel sju i byggeråstoffplanen berre vil bli vurdert in i kommuneplanen sin arealdel om aktuell grunneigar eller utbyggar følgjer opp med detaljert konsekvensutgreiing og gir ei betre skildring av prosjektet.

2.3 Føringer i planprogrammet for byggeråstoffplanen

Planprogrammet vart vedteke av kommunestyret 2.11.23 2023. Her er det sett opp mål for arbeidet med planen:

1 Gi eit oppdatert ressursoversyn over førekomstar av grus, pukk og naturstein og for område for massehandtering

2 Strategi for bærekraftig forvaltning

3 Leggja til rette for føreseielege prosesser ved søknad om næringsetablering innafor desse felta

4 Fungera som kunnskapsgrunnlag for revisjon av kommuneplanens arealdel

3 Gjennomføring av planarbeidet/medverknad

Planprogram for kommunedelplan byggjeråstoff og masse-handtering vart vedteke i kommunestyret 02.11.23 k.sak 97/23 etter høyringsrunde. Etter kunngjering av planoppstart vart det gjennomført ei innspelsrunde som varte ut januar 2024. I alt kom det inn seks innspel frå bedrifter og privatpersonar.

I februar same år vart det gjennomført ei temasamling med kommunestyret med innlegg frå næringa og forskning.

Kommunen kontakta dei bedriftene som hadde kome med innspel og ba dei gjera involverte klar over at innspel var sendt inn. Dette resulterte i eit eige informasjonsmøte på Jøsneset i oktober 24 der Mibau Stema informerte om sitt initiativ vedr. mogleg pukkverk i Knutsvikheia. I etterkant av dette møtet mottok kommunen fleire innspel frå organisasjonar og privatpersonar som protesterte på desse «planane». Pr i dag ligg det føre få opplysningar om dette eventuelle tiltaket.

Omtale av innspela om aktuelle areal, samt merknadar til innspela på Jøsneset finn du i vedlegg 3 og 4.

I samband med grendemøte om kommunen sin revisjon av kommuneplanen sin samfunnsdel i november 2024, vart det også informert om arbeidet med kommunedelplan byggeråstoff. Dette skjedde på i alt sju møte der vel 230personar deltok.

Høyringsutkast til byggeråstoffplanen vart fastsett av kommunestyret 20.2.24, sak 11/25. Planen går no ut på ordinær høyring og det vert lagt til rette for medverknad gjennom møte. Høyringa vil gå føre seg parallelt med revisjon av kommuneplanen sin samfunnsdel.

I arbeidet med planen har ein teke utgangspunkt i Norges geologiske undersøkingar (NGU) sin registreringar for kommunen. Desse er av varierende kvalitet og innhald, men saman med område som tidlegare er vurderte inn i kommuneplanen sin arealdel, utgjør desse det me definerer som samla ressursgrunnlag i kommunen. Dette samla ressursgrunnlaget går fram av vedlegg 1


Med bakgrunn i dette ressursgrunnlaget vart det gjort ei grovsortering av områda etter kunnskapsgrunnlag gitt i kartdatabasane. Dette går m.a. på registrert beliggenhet, kvalitet på masse og kunnskap om ressursen generelt. Dei områda kommunestyret vurderte som aktuelle å sjå nærare på, vart teke inn i arbeidet med konsekvensutgreiing, sjå vedlegg 5.

Konsekvensutgreiinga er gjort på eit veldig grovt nivå med avgrensa kunnskap til ressurs og utfordringar, og forhold til aktuelle naturverdiar. Men ein har likevel, på bakgrunn av denne analysen, prioritert nokre område til «å bli med vidare». Kommunestyret la i si behandling til nokre fleire område. Desse områda, med omtale av kva som må utgreiast vidare går fram av kapitel 7 .

4 Mineralressursar i Hjelmeland

4.1 Generelt

Det er ei utfordring å få oversikt over ressursgrunnlaget, men NGU sine registreringar er dei viktigaste. I tillegg kjem ressursar meldt inn av andre, og historiske data over anlegg som er eller har vore i drift. Basert på det ovannevnte, er det laga eit tabelloppsett der ein har prøvd å få med alt – uavhengig om desse er realiserbare eller ikkje. Tabellen – kalla MINERALRESSURSAR I HJELMELAND KOMMUNE, vedlegg 1 (tabell) og 2 (kart) er å finna her ([link](#)). Denne oversikten inneheld i alt 54 lokalitetar.



I gjeldande kommuneplan 2019-31 ligg det inne 10 framtidige råstoffområde (RS1-10). I tillegg er der sju godkjente reguleringsplanar som gjeld byggeråstoff

Grus: R124 i Jøsenfjorden, R110, R117, R131 og R156 i Årdal

Naturstein: R89 og R108 på Randøy.

Desse planane som pr 2024 inngår i kommuneplanen, er omtalt som del av NGU-ressursar i tabellen «Mineralressursar i Hjelmeland kommune» (over). I tabellen er det nytta desse

vurderingskriterier for om ressursområdet som skal tas med til vidare KU-vurdering:

- **Innspel** : alle ressursar med innspel, uansett verdivurdering av NGU, blir tatt med til KU-vurdering

- **Status i kommuneplanens arealdel KPA:** alle område for framtidig råstoffutvinning RS i KPA som ikkje er regulert eller påbegynt reguleringsplanprosess blir tatt med til KU-vurdering
- **Verdisetting NGU:** Område som NGU har verdisett som nasjonalt/regionalt/lokalt viktige blir tatt med i KU-vurdering
- Ressursar med låg verdi og tydeleg konfliktpotensiale blir ikkje tatt med i KU
- **Regulert område:** område med gjeldande reguleringsplan og eventuelt pågåande drift blir ikkje tatt med i KU
-

4.2 Sand og grus

Sand og grus er den største gruppa. Her er det registrert 26 område. Desse er (med namnsetting frå NGU-registeret) :



Bilete over viser grusuttak i tilknytning til ressurs 1G

01G Østerhus/Vadla, Jøsenfjorden

02G Hauga, Jøsenfjorden

03G Littlemoen , Jøsenfjorden

04G Kreppingdalen/Langemo, Jøsenfjorden

05G Litlamo, Jøsenfjorden

06G Kromshagen, Jøsenfjorden

07G Førre, Jøsenfjorden

08G Tøtlandsvik, Vormedalen

09G Vikemoen, Vormedalen
10G Liå, Vormedalen
11G Laugaland, Vormedalen
12G Laugalandsbrekka, Vormedalen
13G Kleivaland, Vormedalen
14G Trolltysdal, Årdal
15G Kvame, Hjelmeland
16G Fevoll, Hjelmeland
17G Ingvaldstad, Hjelmeland
18G Flat-Hetland, Hjelmeland
19G Riskedal, Årdal
20GTysdal, Årdal
21G Årdal (store delar av sentral Årdal mot sjøen)
22G Valheim, Årdal
23G Soppaland/Tjentland, Årdal
24G Tveit, Årdal
25G Rivjaland, Årdal
26G Beinskjervatnet, Årdal

Kart som viser kor desse ressursene er registrerte, finn du under.

4.3 Pukk

Her er det 16 i NGU si liste, pluss eit innspel frå privatperson. I alt 17

01P Knutsvikheia/Jøsneset
02P Nesvikheia Jøsneset
03P Middagsheia Jøsneset
04P Nordstølheia, Vormedalen
05P Vikeneset, Vormedalen
06P Åmekrokjuvet, Hjelmeland
07P Dyneneset, Hjelmeland
08P Dalevika, Randøy
09P Hamneneset, Randøy

10P Tapp, Randøy

11P Knarravågen, Randøy

12P Kålhaugneset, Mosnes/Fister

13P Heståsen Grønvik/Fister

14P Nessaåsen, Nessa

15P Lyngsvatnet

16P Sandanger

Innspel 4 Østerhus/ Jøsenfjorden

Pr i dag er det ingen uttaksområde for pukk som ligg i kommuneplanens arealdel 2019 . Kart som viser kor desse områda ligg, finn du i vedlegg 2.

4.4 Naturstein

Her er det 9 i NGU si liste, pluss to andre spelt inn frå private og som ligg i kommuneplanens arealdel 2019.

01N Solbjør, Fister

02N Dale, Randøy

03N Sandanger II, Randøy

04N Sandanger, Randøy

05N Randøy (Randøy Stein)

06N Kåda, Randøy

07N Randa, Randøy

08N Randa, Randøy

09N Espeland, Randøy

RS7/10N Kleppaheia, Hjelmeland

RS1/11N Mjølhus, Hjelmeland

Kart som viser kor desse områda er, finn du i vedlegg 2 under.



Bilde: Frå steinbrotet til Randøy stein, ressurs 5N

4.5 Mindre uttak – «til husbruk»

Her er det nokre mindre uttak som stort sett ikkje er registrerte og som i varierende grad er omsøkte. I planarbeidet har ein ikkje gått inn på dette tema.

5 Massehandtering

5.1 Definisjon

Deponering av massar – permanent plassering av massar.

Mellombels deponi – definert område for lagring av massar som skal brukast igjen ein anna stad. Permanent bruk av området, men omløp av massar. Behov for løyve/planavklaring.

Midlertidig masselager– område innanfor anleggs- eller planområde der massar vert lagra for vidare bruk. Lagring kortare enn 3 år. Behov for løyve/planavklaring dersom området ikkje inngår i regulering eller byggetiltak.

I denne planen vil det ved deponering av massar berre vere snakk om reine massar. Ureina massar skal handterast i tråd med reglane i forurensingsforskriften. Det betyr at når slik masser vert påvist, må dei leverast til mottak i andre kommunar. Hjelmeland har per i dag ikkje aktuelle mottak for slike massar.

5.2 Prosess og lovverk

I utgangspunktet skal område for deponering av massar avklarast gjennom planprosess. Praksis er imidlertid at det ofte vert søkt om deponering av massar i samband med landbrukstiltak, gjerne i kombinasjon med dyrking av nye areal. Slik deponering av massar kan trenge løyve etter ulike regelverk, avhengig av plassering og utforming av det enkelte tiltaket. Oversikt nedanfor syner regelverk og prinsipp for handsaming av område for deponering av massar der bruken av området ikkje er avklart gjennom plan.

Permanent deponering av massar

Plan- og bygningslova

Deponering av massar med omfang over 1 daa i utstrekking eller over 3 meter endring av terreng (1 meter i tettbygde strøk) er søknadspliktig etter plan- og bygningslova § 21-1 k) – Vesentleg terrenginngrep.

Dersom aktuelt område for massedeponi er synt som LNF areal i kommuneplanen, og området er ute av drift i meir enn ein vekstsesong, vil det vere nødvendig å behandle tiltaket som dispensasjon frå kommuneplanen. Dersom etterbruken av området er noko anna enn landbruk må også etterbruken avklarast med dispensasjon.

Naturmangfald/kulturminne

Omsyn til naturmangfald skal vurderast ved alle saker, uavhengig om det er behov for dispensasjon. Dersom aktuelt område ikkje er dyrka kan det vere nødvendig med naturkartlegging.

Alle saker om deponering vert sendt til Rogaland Fylkeskommune for uttale som kulturminnemynde.

Vassressurslova/forskrift om fysiske tiltak i vassdrag

Dersom tiltaket vedkjem vassdrag eller kantsone til vassdrag må det søkjast om løyve etter forskrift om fysiske tiltak i vassdrag. For vassdrag der det finnes anadrome laksefisk er det Statsforvaltaren som handsamar søknaden, i andre vassdrag skal det søkjast til Fylkeskommunen.

Tilkomstveg/ytre påverknad

Ved vurdering av søknad om massedeponering skal det også gjerast ei vurdering av kor vidt tilkomstveg har ein standard som tåler aktuelt belastning og om trafikktryggleik er ivaretatt.

Naturfare

Deponering av massar kan føre til utgliding dersom det ligg kvikkleire under/nedanfor der det vert fylt på. Tiltaket må sjekkast ut iht marin grense/farekart og ev undersøkast nærare.

Dyrking

Dersom arealet skal nyttast til jordbruksjord; fulldyrka, overflatedyra (eller innmarksbeite) etter at her er deponert massar, og det IKKJE var jordbruksjord før, eller standarden skal hevast for eksempel frå innmarksbeite før til dyrka jord etter massedeponering, må det søkjast om løyve etter nydyrkingsforskrifta. Søknaden vert handsama som andre søknadar om nydyrking. Her er eige søknadsskjema, fom 2025 er det kun elektronisk søknadsskjema. Det skal ligge ved kart som viser kva areal det er snakk om, eventuelt dreneringsgrøfter i feltet skal teiknast inn, og kvar dei har utløp og eventuelle avklaringar med nabo dersom drencvatn vert leia vidare til nabo.

Dyrking skal avklarast i høve til kulturminne og naturmangfald. Dersom ein har planen klar for korleis ein skal avslutte massedeponeringa med dyrking, kan ein sende søknaden inn samstundes med andre aktuelle søknadar for massedeponiet, så får ein tatt ei felles høyring i forhold til kulturminne osv.

I søknad om dyrking skal ein gjere greie for økonomiske og driftsmessige fordelar ved nydyrkinga.

Rekkefølge for sakshandsaming etter dei ulike lovverka kan variere frå sak til sak. Prinsippet er at det strengaste regelverket skal handsamast først. Ofte vil det vere fornuftig at søknad om tiltak i vassdrag vert handsama først, medan søknad om dyrking kjem til slutt.

Mellombels masselager

Same utredning og sikring mot vassdrag. Plan for avslutning, opprydding, etterbruk

6 Vurdering av ressursgrunnlag, innspel og merknader + vurdering KU

6.1 Ressursgrunnlag

Det er gitt eit oversyn over det ressursgrunnlaget som er kjent i kap 4, basert på gjeldande registreringar og innspel. Utfordringa her er at ressursgrunnlaget har varierende kvalitet og ikkje er godt nok oppdatert. Ein har soleis ikkje klart å følgja opp målsettinga i planprogrammet om at ressursgrunnlaget skal vera oppdatert, men har vald å ta utgangspunkt i det som er kjent.

På bakgrunn av opplysningar knytt til dei enkelte lokalitetane, i hovudsak NGU sine vurderingar, har ein gjennomført ei «siling» før ein har gått i gong med arbeidet med konsekvensutgreiing (KU). Grunngeving for om det enkelte området er teke med til overordna KU-vurdering, går fram av tabellen «Mineralressursar i Hjelmeland» og dei generelle retningslinene er gjengitt i kap 4.1 i sjølve plandokumentet.

Desse lokalitetane er blitt KU-vurderte:

Grus: Alle innspela vedr. ressurs 1G og 3G, ressursen 2G, 6G, 9G, 12G, 20G, alle innspela vedr. ressurs 21 G og 23G.

Pukk: 1P (innspel 5), 7P, 8P, 13P

Naturstein: 9N, 10N og 11N

Riveland må inn

6.2 Innspel og merknadar

Det er kome inn seks innspel om ulike område . Dette gjeld

- * tre delvis overlappende innspel vedr. grusressursane 1G og 3G i Jøsenfjorden.
- * eit innspel vedr. uttak av pukk nord for 1G i Jøsenfjorden
- * eit innspel med tre uttaksområde i Årdal. Gjeld delar av grusressursen 21G og 23G.
- * eit innspel som gjeld uttak av pukk på Jøsneset (sjå 1P).

Sjå vedlegg 3 for nærare detaljar og oppsummering av innspel og merknadar, og vedlegg 4 for originalversjonen.

6.3 Nærare om gjennomført konsekvensutgreiing

Dette er ei grov, overordna konsekvensutgreiing (KU) av kartlagde råstoffressursar (NGU) og mottekne innspel i samband med Kommunedelplan for byggeråstoff og massedeponi. KU ligg ved i vedlegg 5.

Vurderingane i KU er gjort med utgangspunkt i kjent kunnskap og frå offentleg stadfesta geografisk informasjon, hovudsakleg Temakart Rogaland.

Det er òg gjort nokre vurderingar basert på lokalkunnskap og visuell vurdering vha ortofoto, googlemaps ol. Det er ikkje foreteke synfaring ut i terrenget. Kunnskapsgrunnlaget er ikkje komplett, kvalitet på kunnskapen kan variere både i innhald og registreringstidspunkt.

Utgreiinga er kun basert på overflatekart, og ein har manglande kunnskap om driftsomfang og sjølvje inngrepet. Det vil vere naudsynt å skaffe meir kunnskap om for dei lokalitetane ein tilrår å vurdere å ta med vidare i kommuneplanens arealdel.

I konsekvensutgreiinga er kvart innspel vist med kart og nøkkelinformasjon og vurdert i høve til konsekvensar for miljø og samfunn. Verknadane av uttak i dei enkelte ressurs-og eller innspelsområda er stilt opp i tabell med fargeinndeling som illustrerer konfliktgraden.

Det er mange ukjende faktorar både ift ressursen og moglege uttak. Ein har teke utgangspunkt uttak av heile ressursen/innspelsområdet, og ikkje delområde. Eit unntak her er Årdal.

Vidare etter KU:

I og med at KU på dette nivå er veldig overordna, og at informasjonen om den enkelte lokaliteten veldig avgrensa, betyr det at vidare undersøkingar og analyser må til før ressursen eventuelt kan bli ein del av meir juridisk bindande planar. Det betyr nye rundar i samband med kommuneplanen sin arealdel og til slutt ved utarbeiding av reguleringsplan. Sjå kap 2.2 med omtale av føringar som ligg føre i kommuneplanen sin samfunnsdel.

7 Tiltak – vidare handtering i kommuneplan og reguleringsplan, saksbehandling

7.1 Generelt

Kommunedelplan byggeråstoff og massehandtering er ein temaplan, ingen arealplan. Det er ikkje noka juridisk bindande kart som følgjer planen. Ressursar som blir prioriterte i planen, må då vurderast på ny i samband med utarbeiding av kommuneplanen sin arealdel.

I Konsekvensutgreiinga som er gjort, er 19 ressurs- og/eller innspelsområde med underpunkt vurderte nærare. På grunnlag av KU er det prioritert område innan uttak av fast fjell (pukk), sand og grus og naturstein. Ein seier samstundes noko om område som ligg i gjeldande kommuneplanens arealdel 2019-2031.

Ved omtale av kvart av områda i kap 7.2, har ein også prøvd å gi føringar om kva som er ekstra viktig å få avklart i ein ny KU-runde før kommuneplanen sin arealdel skal vedtakast. I tillegg vert det forventa at ein ved vidare KU også handterer dei føringane som blir gitt i arealstrategien i kommuneplanen sin samfunnsdel.

Konkret vert det også vist til sjølve innspela med merknadar, og vurdering av desse i vedlegg 3.

Kommunestyret vedtok å ta med to fleire område som moglege uttaksområde i høyringsutkastet enn det som opphavleg var tilrådd frå administrasjonen + eitt område som mogleg omsynssone for å hindre nedbygging av ressursen (sjå oppdatert KU s 67)


For massehandtering er det ikkje lagt fram forslag til deponistader, her er det føringar som skal gjelda for handtering av slike saker framover.

7.2 Byggeråstoff

Gjennom arbeidet med KU har kommunestyret konkludert med nokre ressursområde som bør vurderast nærare i samband med kommuneplanen sin arealdel.

Oversikt over område som går vidare med vilkår og føringar:

7.2.1 Pukk



Sjå kart over. Det er to område som i NGU si vurdering er klassifisert som «Nasjonal viktig».

Det er

1P – Knutsvikheia, Jøsneset

7P - Dyneneset , Hjelmeland

I tillegg kjem ein mindre ressurs på Randøy som allereie er påbegynt (16P)

For 1P er det også kome innspel om uttak frå pukkverkseigar.

Uttak av fast fjell kan vera omstridt. Det er tale om store irreversible naturinngrep som påverkar nabolaget med utfordringar knytte til støv og støy. Samstundes er dette viktige naturressursar som kan vera med og utvikla samfunnet. Og det gir grunnlag for arbeidsplassar.

Førebels veit ein lite om dei to ressursane som vert omtala her. Det gjeld både info om sjølve ressursen (kvalitet, mengde, volum mv). Ein veit også alt for lite om konsekvens for naturen og for nabolaget. Ein veit og lite om avbøtande tiltak.

1P Knutsvikheia

Frå konklusjon KU (som er gult nivå):

Dette er ein ressurs av nasjonal interesse. Samstundes vil det kunne bli svært store konsekvensar ettersom innspelsområdet er så stort, og ein opnar opp i eit heilt nytt/urørt område, og det er andre arealbruksinteresser i området. Det er td mange hytter i Knutsvikområdet. Det er kome mange merknader/protestar til innspel om steinbrot her.

Elles har ein svært lite informasjon/kunnskap både om ressursen og om Mibau sine uttaksplanar. Dermed har ein òg lite kunnskap om moglege konsekvensar på dette tidspunkt. Kva med etterbruk, infrastruktur, omfang/uttaksmengd, behov for veg ?

Ettersom ressursen er nasjonalt viktig og det føreligg eit konkret innspel, tilrår ein førebels å gå vidare med lokaliteten, nettopp for å få meir kunnskap og nærare utgreiingar.

Alternativ kan vere å vurdere å leggje inn omsynssone i kommuneplanens arealdel som sikrar ressursen

KU her peikar på fem felt som er særleg utfordrande; Naturverdiar/naturmangfald, konsekvens for landskap, 100m-beltet, forhold til støy/støy og nabolag og forhold til andre næringsinteresser (akvakulturanlegg i fjorden like ved). Dette er forhold som ein ny KU må gi tilfredstillande svar på før området eventuelt vert teke med i kommuneplanen.

For denne ressursen har pukkfirma Mibau Stema meldt interesse. Det er også kome inn mange protestar på tanken om å ha ei t pukkverk her,

7 P Dyneneset

Frå konklusjonen i KU (gult nivå):

Dette er ein ressurs av nasjonal interesse. Samstundes vil det kunne bli store konsekvensar ettersom lokaliteten er såpass stor, og ligg direkte i strandsona eksponert frå fjordlandskapet. Ein opnar opp i eit nytt område, og det er andre arealbruksinteresser i nærleiken og busetnad i nærleiken.

Ettersom det ikkje er innspel om uttak i området har ein svært lite informasjon/kunnskap både om ressursen og evt uttaksmetodar. Dermed òg lite kunnskap om moglege konsekvensar på dette tidspunkt. Kva med etterbruk?

Fordi ressursen er nasjonalt viktig, tilrår ein førebels å gå vidare med innspelsområdet, nettopp for å få meir kunnskap/nærare utgreiingar.

Alternativ kan vere å vurdere å leggje inn omsynssone i kommuneplanens arealdel som sikrar ressursen

KU her peikar på fem felt som er særleg utfordrande; Jordbruk, konsekvens for landskap, 100m-beltet, forhold til støy/støy og nabolag og forhold til andre næringsinteresser område for akvakultur i fjorden like ved, aktivt landbruksområde på staden). Dette er forhold som ein ny KU må gi tilfredstillande svar på før området eventuelt vert teke med i kommuneplanen.

På Dyneneset er det ingen som har spelt inn interesse for ressursen til no.

16G Sandanger (91/2)


Frå konklusjonen i KU:

Delar av ressursen er allereie teken ut. Vidare drift krev nytt vedtak . Ressursen er liten og har relativt få konflikhtar. Uttak av ressursen er påbegynt men ikkje slutført innafor frist gitt i dispensasjonsløyve. Vil vera relevant å vidareføra i planarbeidet.

7.2.2 Sand/Grus

Uttak av sand og grus kan også vera utfordrande for omgjevnadane. . Det er tale om store naturinngrep som påverkar nabolaget med ulike utfordringar knytt til støy, trafikk mv. Samstundes er dette viktige naturressursar som kan vera med og utvikla samfunnet. Og det gir grunnlag for arbeidsplassar.

Førebels veit ein lite om dei ressursane som vert omtala her. Det gjeld både info om sjølve ressursen (kvalitet, mengde, volum mv). Ein veit også alt for lite om konsekvens for naturen og for nabolaget. Ein veit og lite om avbøtande tiltak.



Raude kryss: areal som er med vidare i plan for byggeråstoff som sand/grus-område

Blå kryss: areal med forslag å ta ut av kommuneplanens arealdel som råstoffutvinningsområde

Innspel 1 , del av 3G Moen i Jøsenfjorden

Konklusjon KU lyder slik:

Relativt få store konflikter knytt til innspelsområdet. Men kunnskapen om ressursen er avgrensa, og truleg lokal karakter.

Ein tilråd å ta innspelsområdet med vidare i planarbeidet, men ikkje heile ressursen

Her er nokre raude tema i KU: Heile ressursen ligg i aktsemdssone marin leire, og eit par gardstun ligg like i nærleiken.

Innspel 3, del av 1G - Storhogg, Jøsenfjorden

Konklusjon KU lyder slik:

Det vil vere utfordringar knytt til uttak her: pga bumiljø, naturmangfald, grunnforhold m.a.

Men det er ein godt eigna ressurs der det er kome eit konkret innspel, og det er mogleg det kan gjerast tilpassingar/tiltak for å avgrense ulemper.

Ein tilråd å gå vidare med innspel 3 i planarbeidet.

KU avdekkjer mange raude felt her; naturverdiar, nærmiljø/bumiljø og grunnforhold/marin grense. I tillegg er kommunen si vassforsyning i Jøsenfjorden knytt til borebrønnen. Kvar konsekvens eit eventuelt uttak vil ha for slike forhold vil vera avgjerande for avgrensinga av kva område som eventuelt kan prioriterast i kommuneplanen sin arealdel.

Del av 6 G/ RS8 – Krossleite, Jøsenfjorden

Konklusjon KU lyser slik:

Ein tilråd å oppretthalde søndre del av ressursområdet som framtidig uttaksområde i kommuneplanen med krav om KU/ROS før uttak. Resterande del er tatt ut.

For dette området er det ikkje raude felt i KU, men ein god del gule. Dette går m.a .på naturverdiar og at ein ikkje har stort kunnskap om sjølve ressursen.

12 G – Laugalandsbrekka, Vormedalen.

Konklusjon KU lyder slik:

Eit ressursområde med relativt små konflikter. Liten ressurs, men kan ha lokal verdi. Tilråd å ta med vidare i planen.

Her er det heller ingen raude felt i Ku, men ein del gule. Det går m.a. på avstand til utskipingskai, og forhold til barskog av høg bonitet.

Del av ressurs 21 G, vestre del av innspel 6, RS10 – Mæle, Årdal.

Konklusjon i KU:

Ein god del konfliktpotensiale ift ressursen pga omfang/beliggenhet sentralt i Årdal. Relevant å vidareføre vestre del, råstoffutvinningsområde RS9, som alt ligg inne i kommuneplanen. Tilrår å ta med resten av innspelsområdet i vidare planarbeid for å få meir kunnskap. Alternativt vurdere det som omsynssone for å ivareta ressursen.

RS10 ligg allereie inne i gjeldande kommuneplan, og det det her er tale om er ei utviding av RS10 mot aust. Uansett ser ein for seg at RS10 vert vidareført inn i revidert kommuneplan.

Særlege utfordringar som er påviste i KU (raudt): forhold til landskap/kulturlandskap og til bumiljø. Her er kort veg til bustadar og nærleik til kyrkje, barnehage mv.

Del av ressurs 21G – Årdal, Innspel 6 austre del (Lund – Sedberg)

Konklusjon KU:

«Fleire store konfliktpotensiale, td kulturminne, landskap, naturverdiar, bumiljø. Sjølv om ressursen har nasjonal verdi, tilrår ein å ikkje gå vidare med lokaliteten i planprosessen. Alternativt vurdere det som omsynssone for å ivareta ressursen».

Vedtatt av kommunestyret å gå vidare med lokaliteten i planarbeidet

Del av ressurs 23 G – Soppaland – Innspel Tjentland

Konklusjon KU:

«Konfliktfylt å ta ut ressursen pga kulturminneverdiar, bumiljø og landskapspåverknad. Sjølv om ressursen har nasjonal verdi, tilrår ein å ikkje gå vidare med lokaliteten i planprosessen. Alternativt vurdere det som omsynssone for å ivareta ressursen».

Vedtatt av kommunestyret å gå vidare med lokaliteten i planarbeidet

RS9 – Svadberg

Dette området ligg inne i gjeldande kommuneplanens arealdel, og det sett i gong arbeid med regulering. I samband med det arbeidet vert det utfyllande KU/ROS. Ein vil vidareføre dette området i revidert arealdel.

Fjerning av område frå gjeldande kommuneplan


I kommuneplanens arealdel 2019-2031 ligg der inne nokre område som ein vil tilrå fjerna fordi dei av ulike årsaker ikkje er aktuelle lengre. Det gjeld desse områda:

RS4 – Vikemoen, Vormedalen, Sand/grus, jf KU

RS5 – Litlemoen, Jøsenfjorden, Sand/grus - ferdig uttatt/avslutta

RS6 – Tysdal, Årdal – delvis ferdig uttatt/delvis konfliktfylt KU

Område med føring til kommuneplanens arealdel: omsynssone ift nedbygging



Rivelandsområdet – Årdal - er i planen lagt inn som eit område med føring til kommuneplanens arealdel for å unngå nedbygging.


Konklusjon frå KU

«Konfliktfylt å ta ut ressursen pga natur, landskap, kulturminneverdiar og bumiljø . I følge NGU har ressursen kun lokal verdi. Alternativt vurdere det som omsynssone for å ivareta ressursen frå nedbygging, slik kommunestyrevedtaket legg opp til. Eventuell konsekvens av omsynssone kan vere at ein for ein periode (fram til eit evt reellt uttak) «frys» situasjonen td ift landbruksretta tiltak som driftsbygningar oa større tiltak som kan forringe eller hindre framtidig uttak av mineralressursen»

Vedtak kommunestyret sak 11/25: Austre del av ressursområde 25 G, som hensynssone. dvs frå Kyrkjebrauta/ Storemo til og med klekkeriet, men kun nordsia av åna.

Dette inneber: Føring til kommuneplanens arealdel at området blir lagt inn som sone med særleg omsyn til mineralressursen, jf plan-og bygningslova § 11-8, c) + retningslinje om at det ikkje skal gjerast tiltak i området som vil forringe eller hindre framtidig uttak av mineralressursen som td byggetiltak/store terrenginngrep og arealbruksendringar. Målet er å ivareta ressursen for eit eventuelt mogleg framtidig uttak.

7.2.3 Naturstein



Raudt kryss: foreslått inn i plan for byggeråstoff. Blått kryss: Forslag å ta ut av kommuneplanens arealdel

Når det gjeld naturstein vil ein kun vidareføra dei områda som i dag er omfatta av reguleringsplan på Randøy. Det gjeld ressursene 3N,4N og 5N. Nokre område har vore inne i kommuneplanen over lengre tid utan at dei er vidareutvika meir. Slike tilrår ein å ta ut.

Fjerning av område frå kommuneplanen sin arealdel:

RS 1 – Kleppaheia, Hjelmeland, naturstein, jf KU

RS3 – Randåsen vest/Kåda, naturstein jf KU

RS7 - Mjølhus, Hjelmeland, naturstein, jf KU


7.3 Strategi massehandtering

Regelverk og definisjonar for massehandtering er omtalt i kap 5.

I alle nye reguleringsplanar og utbyggingsprosjekt skal det setjast krav om massehandteringsplan. Dette for å handtera overskotsmasser på ein god og berekraftig måte. I slike massehandteringsplanar skal prinsippa i ressurspyramiden (under) leggjast til grunn. Av klima og trafikkomsyn skal det leggjast vinn på å unngå omfattande transport

Før det kan gjevast løyve til tiltak som genererer overskotsmasse skal det føreligge godkjend løyve til deponering eller mellomlagring av massar, i samsvar med regelverket vist i kapittel 5 i denne planen.

Omtale av ressurspyramiden



Ressurspyramiden illustrerer prinsippa for handtering av overskotsmasse, og gjev grunnlag for berekraftig massehandtering.

Reduksjon av overskotsmassar oppnår ein ved kunnskap og god planlegging, slik at ein i størst mogleg grad kan nytte massar som finnes på byggetomta – oppnå mest mogleg massebalanse.

Gjenbruk vil sei bruk av overskotsmassar til andre byggeprosjekt. Dette krev ofte areal til mellomlagring av massar.

Materialgjenvinning skjer ved bearbeiding av massar til nye produkt.

Utfylling kan vere i form av etablering av t.d. molo eller tilsvarande prosjekt med fylling i sjø, forming av landskap etter større terrenginngrep eller terrengtilpassing for t.d. landbruksareal. Dette tilsvarar deponering av massar som er omtala i kapittel 5, og gjeld berre for reine massar.

Avfallsdeponering gjeld i dette tilfellet for ureine massar som det er krav om at skal leverast til godkjend mottak.

Kva er viktig for oss?

Kommunen ynskjer mest mogleg gjenbruk av materialressursane. Dette for å unngå akutt behov for deponi, og for å ta vare på ein viktig ressurs. Til det er det behov for areal for mellomlagring av massar.

Kommunen vil gjennom arbeidet med kommuneplanen sjå vidare på moglegheit for etablering av område for mellombels masselager.

Strategi for massehandtering - oppsummering

- Redusere mengde overskotsmasse ved å krevje massehandteringsplan i alle nye reguleringsplanar samt større utbyggingsprosjekt
- Vektlegge og legge til rette for gjenbruk av byggeråstoff
- Bruke retningslinjene i kapittel 5 for handsaming av søknad om utfylling (deponering)
- I samarbeid med næringa arbeida vidare for å få til område for mellombels lagring

Liste over vedlegg

- 1 Mineralressursar i Hjelmeland – eit oversyn. Tabell med førebels vurdering
- 2 Kartfesting av mineralressursane
- 3 Innspel og merknadar med kommentarar
- 4 Innspel og merknadar originalversjon
- 5 Konsekvensutgreiing (overordna)

Vedlegga er tilgjengelege [her](#) (lenke). I tillegg ligg dei som vedlegg til den politiske saka.